

# Vinjeboka

# Vinjoboka



☞ Vinjoboka er den eldste svarteboka som er funnen i Noreg. Ho vart oppdaga i 1796 under golvet i ei gammal stavkyrkje i Vinje i Telemark. Vi reknar med at boka er nedskriven rundt 1490.

☞ Språket i boka er ei blanding av norsk, dansk og latin. Det tyder på at ho er skriven av ein lærd person. I tillegg til trolldomsformlar inneheld boka også sig-ningsformlar og Maria-hymner (religiøse lovsongar til jomfru Maria).



# Svartebøker


☞ Ei svartebok er ei samling oppskrifter og formlar for dei som vil utøve magi eller trolldom.

☞ Svartebøkene har fått namnet sitt fordi dei omtaler «svartekunstar» eller svart magi. Ved hjelp av slike kunstar kan ein få makt over dyr og menneske og skaffe seg kontakt med djevlar og demonar. Men bøkene gir også råd om korleis ein kan lækje sjukdommar og verne seg mot ulykker, såkalla kvit magi.

☞ Dei eldste bøkene er skrivne for hand. Desse bøkene er utforma av kunnskapsrike og skrivekunnige folk – mellom dei truleg også prestar. Fleire prestar på 1500- og 1600-talet hadde ord på seg for å kunne «meir enn sitt fadervår». Mellom anna heitte det seg at diktarpresten Petter Dass var utlært i svartekunst.

## ספר רזיאל

קביע לחן ולחם כתיב על קלף צבי כשר בשכן והניחהו סר דקדוק בעולם יהי חסדך ידעך על פנים לבשם שדה עם יוסף הצדיק שנאמר ויהי ה' את יוסף ויש אליו חסד ורחם ארז חנו בעיני כל ראוי בשם מיכאל גבריאל רפאל אוריאל כבשאל ית יה יה דה יה יה יה אוריה אוריה אוריה אוריה אוריה יה יה יה יה יה יה יה יה יה יה



קביע אוריה שלא ישלם בארם שים כלי דין כתיב בקלף של צבי כשר ותלי בצוארן שמורת הקדושים האלו עתריאל וריאל חודריאל הסריאל שובריאל שוכריאל עורדיאל שורדיאל מיכאל גבריאל הגריאל הגדה אל שובריאל צבחר אתניק צורטק אנקתם פסחם פספסים דיונסים ליש ועת כקו יתי ידוה אבנ יתי קרע שמן נגד יכש כטר צתג הקב טצע יגל פוק ישקצית קבעקאל אהמטניאל ומסתיה הרשתיאל עאגה פזה אלשה אבנ יתי אלשה עה עה שור לפלוני בן פלוניח




Symbol frå Sefer Raziel HaMalakh

☛ Somme svartebøker er truleg skrivne av folk med militær bakgrunn. Her finn vi formalar som gir vern mot både sverdhogg og kuler, og oppskrifter som fortel korleis ein kan vinne kjærleiken til ei kvinne.

☛ På 1800-talet tek embetsstanden etter kvart avstand frå alt som ikkje er prega av «fornuft og opplysning». I dette hundreåret blir svartebøkene skrivne av folk frå dei lågare samfunnssklassane. Dei er opp-tekne av hjelperåder mot kvardagspro-blem dei fleste må stri med, for eksempel sjukdom på folk og fe.

☛ I svartebøkene møter vi ei blanding av førkristne ritual, folkeleg lækjekunst, katolsk helgendyrking og mellomalder-ske førestellingar om djevlar og demonar, trolldom og hekseri. Kunnskapen frå svartebøkene har levd i folketradisjonen



*Pentaklet er eit symbol som skal verne mot vonde makter. På norsk er symbolet kalla marekross, Salomos segl og hekselås.*

heilt opp til våre dagar. Framleis kjenner folk mange stader i Noreg til korleis ein kan stanse blødingar ved hjelp av magiske formalar.



## Sjanger og opphav


☞ Svartebøkene høyrer til sjangeren trolldomsbøker, som har røter tilbake til mellomalderen. Desse bøkene inneheld mellom anna element frå kristen og jødisk mellomaldermystikk.

☞ Mystikk i religiøs samanheng vil seie å oppleve samhøyrslle og harmoni med det guddommelege. Denne samhøyrslra kan ein oppnå på ulike måtar. Den jødiske kabbala-mystikken er for eksempel basert på trua om at det finst fleire lag av meining i dei heilage skriftene, og at ein ved hjelp av visse metodar kan avdekkje kunnskapen om Gud og universet som ligg gøymd der.

☞ I kabbalamystikken legg ein stor vekt på numerologi (læra om dei mystiske eigenskapane ved tala). Mellom anna har kvar einaste engel og djevel i bibelen både eit namn, eit tal og eit teikn knytte til seg.

Slike førestellingar går også att i dei trolldomsbøkene frå mellomalderen som på fransk heiter *grimoires* – skuggebøker.

☞ Dei eldste svartebøkene blir ofte omtalte som 6. og 7. Mosebok. Etter folketrua skal desse bøkene vere ein hemmeleg del av den jødisk-kristne bibelen og fortelje om dei trolldomskunstane Moses lærte hos egyptarane.



Livstreet er viktig i kabbala.

☞ Eit anna gammalt namn på svartebøkene er *Cyprianus*. Nemninga skriv seg frå den romersk-katolske helgenen Cyprianus frå Antiokia, som levde på 300-talet. Legenda fortel at han var ein stor trollmann før han vart kristen, og at han har skrive svartebøker.

☞ Dei norske svartebøkene har tyske og danske bøker som førebilete, men inneheld i tillegg trolldoms- og signingsformlar som levde på folkemunne i Noreg.

Kjelder:



Tittelblad på ei svartebok frå Jeløya frå slutten av 1700-talet. Tittelen byrjar med «Siprianus Kunstes Bog».

# Kunsten å lækje sjukdom

☞ I Vinjeboka finn vi den kjende satorrotas-formelen, som også blir kalla «Sattans fem linjer»:

S A T O R  
A R E P O  
T E N E T  
O P E R A  
R O T A S

☞ Formelen er eit palindrom, det vil seie at ord eller uttrykk kan lesast både frå høgre og venstre. Her kan vi i tillegg lese kvart ord både oppover og nedover. Språket i formelen er latin, og orda tyder «Såmannen (Jesus) held hjula i gang». Denne formelen har vore brukt som hjelpemiddel mot sjukdom i mange europeiske svartebøker heilt frå det første hundreåret etter Kristus.

☞ Mange av svartebøkene inneheld magiske formalar for korleis ein kan stoppe blod:

*«Dette må seiast tre gonger: 'Stat (dvs. stopp) blod, ligesom Kjærringer i Helvede stod.'»*

*«Ein bør påkalle Faderen, Sonen og Den Heilage Ande før ein les verset: 'Som Jordans Flod stod, så stemmer jeg dit Blod.'»*

## Hekser og trollmenn

☛ Menneska i mellomalderen lever i eit magisk univers. Her rår både Gud og Satan, englar og demonar. Menneske med overnaturlige krefter blir omtalte som trollmenn og trollkvinner (frå 1600-talet også som hekser), og folk trur at dei står i direkte kontakt med den vonde sjølv. Prestar og geistlege med liknande evner kunne derimot hevde at dei har krafta si frå Gud, og vart oftast trudde på det.

☛ Frå 1300-talet og utover skjer det ei klimaforverring i heile Europa. Det blir oftare uår, og epidemiar herjar støtt. Mot slutten av 1400-talet er situasjonen særleg ille i Tyskland, og mange søker etter nokon å skulde på fordi dei ikkje kan finne noka logisk forklaring på ulykkene som råkar dei. Den katolske munken Heinrich Kramer skaffar dei ein syndebukk: I 1486 gir han ut boka *Heksehammaren*.

☛ I *Heksehammaren* samlar Kramer ein del vanlege førestellingar om ugjerningane til trollmenn og hekser: Dei kastar sjukdom og død på menneske og dyr, dei øydelegg avlingane til folk og har omgang med djevelen. Kramer meiner at ein må bruke alle middel for å avsløre trollmenn og trollkvinner, også tortur. Trass i at fleire geistlege og humanistar tek avstand frå boka hans, kjem ho i mange opplag, og talet på hekseprosessar aukar raskt.

☛ Hekseforfølgingane i Europa kjem i fleire bølger, og særleg på 1600-talet blir mange menneske skulda for trolldom og avretta. Først mot slutten av 1700-talet tek hekseprosessane heilt slutt i Europa.

☛ Det har vore vanleg å gi inkvisisjonen skulda for hekseprosessane. Inkvisisjonen var ein rettsinstitusjon i den katolske



kyrkja som skulle forfølgje dei som dreiv med vranglære. Men dei fleste hekseprosessane blir førte for verdslege domstolar. Tysting er vanleg, og dei skjulte motiva til tystarane kan vere mange: Rikdom vekkjer misunning, gamle utan familie er ei påkjenning for fellesskapen, «kloke koner» (jordmødrer) er konkurrentar til legestanden osv.

☞ Førestellingane om hekser og trollmenn er så utbreidde at fleire av dei som blir skulda for trolldom, sjølv meiner at dei har slike overnaturlege evner. Somme kan fortelje i detalj korleis dei vart freista til å inngå ei pakt med Satan for å oppnå visse gode eller få spesielle magiske evner.

☞ Dei aller fleste av dei som blir brende som hekser, er kvinner, men også menn og barn blir drepne. På Island er det fak-

tisk berre menn som blir avretta. Finnmark er det fylket i Noreg som tek livet av flest hekser og trollmenn. Likevel må vi hugse på at ikkje alle som vart skulda for trolldom, vart dømde. Dessutan fanst det også andre former for straff enn avretting.

